



Hordaland fylkeskommune , samferdselsavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

Uttale om klassifisering og eigarskap for ny planfri gangvegkryssing på Rv. 13

Voss kommune ved tidlegare driftssjef Sigmund Gjernes. avd.leiar Steinar Een og underteikna har tidlegare hatt eit møte med SVV v/Steinar Nedkvitnem/fleire der Voss kommune(VK) målbar sitt syn om at ein ikkje vil overta eigarskap og ansvar for tilkomst frå Tymbrålsbakkane til ny gangbru over Rv13 v/ Bjørgum. Gangvegen frå Tymbrålsbakkane, før det vart laga ny bru, var SVV sitt ansvar i samband med tilkomst til busshaldeplass ved Rv13.

VK er av den formeining at gangveg frå Tymbrålsbakkane til ny gangbru og dei øvrige gangvegane er laga for å løysa tilkomst til Rv13/busshaldeplass og til den komm. vegen, og bør eigast og driftast fullt å heilt av SVV, som uttalt i ovanfor nemnte møte. Ein finn det unaturleg at ansvarstilhøvet skal delast midt i ein gangvegtrase p.g.a. det kjem inn ei bru som deler denne, SVV og VK har ulik servicegrad i høve vintervedlikehald og ser at dette vil skapa problem overfor brukarane av vegsystemet, - kven har ansvar for kva?

Voss kommune ønskjer med dette at eigartilhøve framleis vert statleg og ein del av riksgangveg til Rv13 .

Med helsing
Voss kommune
Drift

Arne Reime

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur

Kopi til:
Kommunalavdeling Tekniske tenester, Torbjørg Austrud
Drift, Bjarne Løne
Statens Vegvesen Region Vest

Mottakar:
Hordaland fylkeskommune , samferdselsavdelinga

